



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for samferdsle

Møtedato: 12.02.2014

Sak nr.: 13/6046-9

Internt l.nr.: 5376/14

Sak: 5/14

Tittel: Reduksjon av budsjett 2014 som følge av redusert ramme
frå Kap. 551, post 60

Behandling:

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Hovudutval for plan og næring rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Budsjett 2014, vedtatt av fylkestinget i sak 55/13, blir redusert med 5,6 mill. kr (regionale utviklingsmidlar). Reduksjonen vert fordelt slik:

| Reduksjon plan og næring | 2014 |
|---|-------------|
| <u>Programområde 700</u> | |
| Tenesteområde 7002 – bransjeretta satsingar (reiseliv) | - 400 000 |
| Tenesteområde 7005 – nyskaping (kommunale næringsfond) | - 1 000 000 |
| <u>Programområde 715</u> | |
| Tenesteområde 7152 – lokalt plan og utviklingsarbeid (småkommuneprogrammet) | - 2 400 000 |

| Reduksjon samferdsle | 2014 |
|---|-------------|
| <u>Programområde 722</u> | |
| Tenesteområde 7222 – fylkesvegar – drift og vedlikehald (netto) | - 1 800 000 |

2. Hovudutval for plan og næring nyttar 1 million kroner av restmidlar til å dekke inn nedtaket på tenesteområde 7005 – Kommunale Næringsfond.
3. Vedtaket blir gjort i tråd med kommunelova § 13 og fylkeskommunen sitt delegeringsreglement som opnar for at fylkesutvalet kan ta avgjerd i hastesaker.

Endringsframlegg:

Hovudutval for samferdsle sette fram slikt framlegg til endring i punkt 1::

Reduksjon hovudutval for samferdsle

Programområde 722

Tenesteområde 7222 – fylkesveggar – drift og vedlikehald vert ikkje redusert.

For at Sogn og Fjordane fylkeskommune skal fylgje opp regjeringa sine intensjonar i tilsegnsbrevet vil heile denne reduksjonen bli gjort gjennom reduksjon av plan og næring si ramme. Med det store vedlikehaldsetterslepet som Sogn og Fjordane fylkeskommune har på fylkesvegnettet vil det ikkje vere forsvarleg å redusere drift og vedlikehald på fylkesvegane.

Avrøysting:

Framlegget frå fylkesrådmannen med endringsframlegget frå hovudutvalet i punkt 1vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Hovudutval for samferdsle rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

| Reduksjon samferdsle | 2014 |
|---|------|
| <u>Programområde 722</u> Tenesteområde 7222 – fylkesveggar – drift og vedlikehald (netto) vert ikkje redusert | |

For at Sogn og Fjordane fylkeskommune skal fylgje opp regjeringa sine intensjonar i tilsegnsbrevet vil heile denne reduksjonen bli gjort gjennom reduksjon av plan og næring si ramme. Med det store vedlikehaldsetterslepet som Sogn og Fjordane fylkeskommune har på fylkesvegnettet vil det ikkje vere forsvarleg å redusere drift og vedlikehald på fylkesvegane

- 2 Hovudutval for plan og næring nyttar 1 million kroner av restmidlar til å dekke inn nedtaket på tenesteområde 7005 – Kommunale Næringsfond.
- 3 Vedtaket blir gjort i tråd med kommunelova § 13 og fylkeskommunen sitt delegeringsreglement som opnar for at fylkesutvalet kan ta avgjerd i hastesaker.